

TRAPPA

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Tina har flytta.
Huset er gammalt,
men trappa er ny.

Trappa har 113 trinn.
Tina har talt dei.
Sjølv bur ho ved 13. trinn.

Ved toppen av trappa bur ein gut.
Han ser grei ut.
Tina vil gjerne ha han til venn.
Men korleis skal ho få det til?

Tina skriv eit brev.
TA 100 STEG OG FÅ EIN VENN,
står det i brevet.

Tina går øvst i trappa.
Der legg ho brevet ved døra.
Så ringjer ho på.
Men før nokon rekk å opne,
spring ho ned til seg sjølv.

Tina legg øyret mot si eiga dør.
No høyrer ho steg!
Kven kan det vere?
Ein som skal ut?
Eller ...?

Ho begynner å telje:
1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 ...

